

REMIKS

Eli Mai Huang Nesse

MA Research Paper 2021, Kunstakademiet i Oslo

Ein tekst om hybridar og Linda Shamma Östrand sitt kunstnerskap i relasjon til mitt.



Illustrasjon av ei sirene og ein kentaur henta frå eit bestiarium. Frå omtrent 1270, mogleg laga i Thérouanne, Frankrike. Tilhøyrrer Paul Getty Museum.

Når blir blir noko sett på som ein miks, og når blir ein miks til ein remiks? Om ein går langt nok tilbake i tid, så ser ein at nesten alt er samankopla. Sann sett er alt ein stor miks. Ein stor blanding. Om alt er ein hybrid, kva er ein hybrid då - ein remiks? Dette forvirrar også meg.

I ein studiosamtale i 2017 blei eg introdusert til Linda Shamma Östrand. Ein svensk-palestinsk kunstnar basert i Sverige. Nesten heile praksisen hennar dreier seg om hybridar, både biologisk og kulturelt.

Linda Shamma Östrand skriver at hybridar kan bli sett på tre ulike måtar:

The two aspects were seen as two sides of the same coin, and showed that the form can manifest itself in three ways:

Either/or ($1 + 1 = 2$): The hybrid is seen as a new form and also as a result of earlier forms. This aspect implies a neutral position and can be seen in the works CT where I refer to my parents to describe my own identity.

Neither/nor ($1 + 1 = 0$): The hybrid represents the incomplete. It can be exemplified in describing myself as half-Arab or half-Swedish. Another example is the sterile hybrid animal that dies out because of its biological inability to reproduce. Moreover, the shape is perceivable as a link to the terrifying and monstrous.

Both/and – something extra ($1 + 1 = 3$): The third form is seen as a result of earlier forms, but is assigned a higher value than their parent forms. An example is the sub-project MPS, which represents a meeting of cultures that have generated something new and "extra". The aspect also relates to the concept of exotic and today's controversial cosmopolitan figure.¹

Eg vil også påstå at ein hybrid kan vere alle desse utfalla samtidig, ut i frå perspektivet til den som er observatøren. Ein hybrid kan i nokon sine auge framstå unaturleg og monstrøs, og i andre sine auge eksotisk og unik. Same vesen kan bli sett på som både ufullstendig og fullstendig, ja til og med betre enn fullstendig. Sånn sett er hybridene ein hamskiftar som ikkje skiftar ham. Det er snarare observatøren som legger sitt eige filter på det hen ser.


¹ Östrand, «Notions of a hybrid», s. 150, 2014.



Linda Shamma Östrand, *Älg i postformulerat tillstånd*, 2009.

Älg i postformulerat tillstånd er eit offentleg kunstverk i form av ein blanding mellom ein elg og ein kamel. Ein miks mellom to klovdyr og symbol som ein assosierer til to ganske ulike delar av verda. Elg i solnedgang er eit klassisk eksempel på kva ein tenkjer på som eit nordisk motiv. Medan ein ser føre seg kamelen traske rundt i ein varm og tørr ørken, som eit symbol for arabisk kultur. Kamelen høyrer til deler av verda som eg trur det nordiske folket har mange fordomar mot – dei ein trur at ein er mest ulik, derfor blir det å sjå ein elg med puklar slående, kanskje til og med provoserande for nokre. Kamelgen viser at ein elg og ein kamel eigentleg ikkje er så langt frå kvarandre. Det er ei foreining og samansmelting av to ulike kulturar.

Grunnen til at eg blei introdusert til praksisen hennar var fordi eg sjølv laga ein illustrasjon av ein hybrid. Ein blanding mellom ein panda og ein elg, Kina og Noreg sine mest kjende dyr, berre at eg fjerna alle dei mest openbare trekka. Hybriden hadde ikkje store gevir og bamsekropp, men var ein meir tvitydig skapning som også kunne sjå ut som mange andre dyr. Det er kanskje vanskelegare å sjå, sidan det ikkje er ein skulptur, men ein heilt enkel avbilding, forma av perler hengande på snører i ei perledør. Den har fasongen til ein elg og har berre to fargar på bestemte plassar som ein panda. Fargane er heller ikkje rake motsetningar slik som pandaen er svart og kvit, men ligg relativt nære på fargeskalaen, for å få fram elgen sin meir einsfarga, brune framtoning.



Eli Mai Huang Nesse, *Artifact*, 2018.

Eg laga den tvitydig, for det er sånn eg kjenner meg, norsk og kinesisk, men ikkje openbart nokon av delane. Det er mange som trur skapninga er ein maur. Om eg skulle gjere som Shamma og lage ein stor skulptur av ein panda-elg med bamsekropp og gevir, trur eg det ikkje hadde gitt meining på same måte. Det er ikkje same type gnissingar mellom panda og elgen som det er mellom elgen og kamelen. Kva konnotasjonar ein har til desse dyra og konteksten det oppheld seg i er heilt avgjerande for verket. Islamofobien som er tilstade i dei nordiske landa gjer at kamelgen kan gi polariserande oppfatningar. Nokre er glade for eit meir mangfaldig samfunn, nye tradisjonar og nye innspel, medan andre er redde for at tradisjonar skal forsvinne, bli øydelagde eller bli tatt over. Kunstverket vann ein konkurranse for offentleg kunstoppdrag der grunnlaget var at den var eit symbol på ein del av Stockholm som ”er i konstant endring”. Ein representant for kulturar som møtest.

I prosjektet *Oophaga vicentei x Oophaga pumilio* (2010) har Shamma suksessfullt klart å avle fram ein fertil hybrid av to froskeartar, *Oophaga vicentei* og *Oophaga pumilio*. Som hybrid er ein ikkje rekna som sin eigen art, så namnet *Oophaga vicentei x Oophaga pumilio* viser til dei to artane som skapte den. Dette er ikkje berre Shamma sin tittel på arbeidet, men også ein vanleg måte å namngi

hybridar i naturvitskap. Shamma skriver at for å forklare kvar ho sjølv kjem frå, er ho også nøydd til å nemne foreldra sine opphav, Sverige og Palestina.²



Linda Shamma Östrand, *Oophaga vicentei x Oophaga pumilio*, 2010.

Verket *Oophaga vicentei x Oophaga pumilio* blei stilt ut på Naturhistoriska Riksmuseet i Stockholm i 2010. Det var ein del av Shamma sitt masterprosjekt då ho studerte kunst på offentlig plass, ei linje på Konstfack i Stockholm. Froskehybriden er stilt ut i eit glasbur saman med ein publikasjon i form av ei dagbok med namnet *On the Origin of Oophaga vicentei x Oophaga pumilio*.

Kva er det Shamma vil sei med dette prosjektet? Kva tyder det å skape *Oophaga vicentei x Oophaga pumilio*?

² Östrand, «Konstfack Degree Exhibition 2010», upaginert, 2010.



Linda Shamma Östrand, *Oophaga vicentei x Oophaga pumilio*, 2010.

Når eg prøver å finne informasjon om prosjektet er noko av det første eg kjem over ein stor diskusjon på eit svensk internettforum om *dendrobatider*, eller pilgiftfroskar. Dei fleste er einige i at dette er eit

dårleg kunstprosjekt. Nokon syns det er dårleg fordi dei føretrekk figurative maleri, som er ein av dei vanligaste grunnane folk brukar om dei ikkje liker samtidskunst. Andre meiner at prosjektet er uetisk, og det er diskusjonen rundt dette eg tykkjer er mest interessant. ”Ein burde ikkje avle fram og potensielt øydelegge reine artslinjer berre for eit kunstprosjekt”. I reglane til forumet står det også at ein ikkje skal drive med hybridisering fordi ein skal holde artane og deira fargevariantar reine.³ Nokon syns også samanlikninga mellom froskehybridar og menneske er ubehageleg.

Seinare får eg tak i ei dagboka, *on the origin of Oophaga vicentei x Oophaga pumilio*, som Shamma har skrive under heile prosessen, frå idéfasen til ferdig og suksessfullt avla fram levande, fertil hybrid. Utan bruk av genmanipulasjon. I dagboka føregår det to parallelle narrativ. Det eine er hennar personlege dagbok der ho skildrar kjensler knytt til prosjektet, og det andre er kva ho finner ut reint praktisk av informasjon knytt til korleis ho skal avle ein hybrid. Det vil sei det personlege og kulturelle, og det informative og biologiske. Kvar side i boka er markert med dato øverst og under er det to kolonner i ulik font der kvar kolonne er eitt narrativ. Sjølv om dei er delt opp i to, er det tydeleg at dei heng saman.

I dagboka skriver ho at ho tar kontakt med forfattaren Jonas Hassen Khemiri. Fordi mora hans er frå Sverige og faren frå Tunisia, tenkjer Shamma at han kanskje har interesse av å bidra i prosjektet *Oophaga vicentei x Oophaga pumilio*. Han svarer på mail at han ikkje har moglegheit til å delta, og stiller spørsmålet om det er mogleg å formulere ein svensk-arabisk dikotomi utan å bli klassifisert som rasebiolog. Det er tydeleg at dette er eit spørsmål som skaper mykje tvil i Shamma også. Ho nemner på fleire tidspunkt at ho ikkje får sove, at ho får hjartebank, at ho våknar tidleg og at ho ikkje kan konsentrere seg. Det same gjer eg når eg skriver denne teksten. Det siste eg vil er å ende opp med ein tekst om rasebiologi. Ein utruleg betent del av forskingshistoria. Men eg held fram, på same måte som Shamma. Det er noko med hybridene ho kjenner seg igjen i, noko ho må finne ut. På bekostning av kva konsekvensar det kan ha.

Ordet hybrid kjem frå latin og betyr bastard.⁴ Om ein kallar folk for hybridar blir det i dag sett på som eit skjellsord. Som Shamma skriver vart folk på 1700-talet oppriktig kalla for hybridar, fordi ein såg på menneske med ulik utsjånad som ulike artar, og at nokre “menneskeartar” også var meir lik dyr enn andre. Derfor ville barn mellom desse bli hybridar. Er det sprøtt av Shamma å lage eit sånt prosjekt? Eller er det denne delen av historia til menneskeheita som er sprø? Eg tenkjer i alle fall at det ikkje er merkeleg at Shamma er opptatt av dette emnet, når ho i ein anna tidsperiode (og i somme sirkclar framleis) ville blitt kalla ein hybrid.

3 Svenska Dendrobatidsällskapet, «Hybrider – konst?», 2010.

4 Store norske leksikon, «Hybrid», 2021.

Hybridity refers in its most basic sense to mixture. The term originates from biology and was in the 17th century used (amongst other things) to describe people with parents from different countries, in other words “human hybrids”. The idea surfaced when people were classified according to certain types (the biological tradition of the ranking of species) where some classifications were lowered to such a status so that they were categorized as animals. These ethnic groups were of a marginalized variety, in some cases it was even considered that they could not reproduce on their own. Perhaps it had some connection to the naturalist Charles Darwin, who during the same period displayed his theories of hybridization in “The Origin of Species” in London 1859. Today it is considered socially unacceptable to use this word in regard to people, unless strictly in a metaphorical sense.⁵

Eg leser prosjektet om *Oophaga vicentii* x *Oophaga pumilio* som eit litt desperat forsøk etter å finne ut noko om seg sjølv. Shamma skildrar at folk ofte spør kvar ho kjem frå, og at svaret om heimbygda i Sverige ikkje er nok. Noko som kan få ein til å føle at ein ikkje høyrer heime der ein er. Om ein alltid er nøydd til å forklare kvar foreldra stammar frå for å forklare sitt eige opphav, kan det skape ein del forvirring knytt til eigen identitet. Noko eg også kjenner meg godt igjen i. Då eg var lita gleda eg meg til å reise til Kina, fordi eg trudde at det var ein plass som skulle gi meg svar. Ein plass der eg endeleg skulle føle tilhøyrighet. Men då eg ankom Kina ville folk ta bilete av meg fordi eg såg så annleis ut, noko som i alle fall fekk meg til å kjenne meg som ein alien.

I 2017 laga eg ein installasjon kalla *Four Seasons* som var ein slags hyllest til (mi oppfatning av) kinesisk kultur. Eit perspektiv som både er utanifrå og innanifrå samtidig. Eg har innsikt i kinesisk kultur gjennom mora mi, men eg kan ikkje språket godt nok til å kommunisere med folk på eit avansert nivå. Før jobba eg deltid som servitør i omtrent 10 år på ein kinesisk restaurant i Sogndal, heimbygda mi. På eit tidspunkt begynte eg å tenke over kor absurd det var at eg hadde vore meir på den kinesiske restauranten enn eg hadde vore i faktiske Kina. Restauranten var også min næraste tilgang på kulturen, ein versjon av Kina som i tillegg var tilpassa Noreg. Derfor laga eg fire små skulpturar som skulle gjenskape lukta frå restauranten gjennom å bruke fire smakstilsetningar som er elementære i kinesisk matlaging; ingefær, chili, kvitlauk og sichuanpepper.

⁵ Linda Shamma Östrand, «Notions of a hybrid», s. 145, 2014.



Eli Mai Huang Nesse, *Four Seasons*, 2017.

Då Shamma forsøkte å ta kontakt med herptilmiljøet i Sverige fekk ho ein del motstand. Det er nesten ingen som tør å la seg assosiere med avl av hybridar. Før eg fekk tilgang på dagboka trudde eg at tankegangen om at ein skulle holde artane og deiras fargevariantar reine, var for å ha kontroll og for å forhindre at folk skal drive med avl for profitt. At avla froskeartar kan få helseproblem og liknande. Det er til dømes fleire hundar som sliter med å puste, har fødselsvanskar og hudsjukdomar på grunn av uforsvarleg avlsdrift.⁶ Eller at avl potensielt kunne true naturleg artsmangfold ved at framavla arter med “defekter” rømmer eller blir satt fri. Ut i frå det Shamma finner ut dreier det seg meir om holdningar. I følge svensk lov er det ikkje ulovleg å lage hybridar mellom herptil-arter, så regelen på pilgift-forumet er noko dei har bestemt sjølv. Hybridar har lavare status og er generelt uynskja. Etter ein samtale med ein froskeoppdrettarar finner Shamma ut at hen puttar hybridar direkte i frysaren. Om dei er friske eller finare i fargen enn ekte artar spelar ingen rolle. Noko eg syns var litt overraskande er at i herptilmiljøet er det vanleg å avle fram fluger som ikkje har vinger som mat. Flugeartar er det visst ikkje så viktig å holde reine.

Shamma skriver at det ikkje er viktig at det er ein pilgiftfrosk, at valg av hybrid er litt som ein maler velger ein farge når hen skal male. Ho gjekk også litt etter kva som var mogleg å få tak i. Basert på dagboka til Shamma tykkjer eg det er tydeleg kvifor det er ein herptil. Herptil er ein felles nemning for

⁶ Professor Odd Vangen uttalte dette i artikkelen «Noen hunderaser burde man la dø ut» på NRK. (Thonhaugen, «Noen hunderaser burde man la dø ut», 2016).

amfibiar og krypdyr. Dei er såkalla eksotiske kjæledyr. Dei er ikkje så vanlege, og dei som skaffar seg herptiler er ofte spesielt interesserte. Herptilar er dyr som mange meiner ikkje burde vere kjæledyr og som mange også er redde for. Shamma skriver at herptiler ser framande ut, men at pelsdyr er sett på som godhjerta. I tillegg skriver ho at mange herptiler bruker mimikry, som vil sei at dei kan etterlikne andre artar for beskyttelse.⁷ Til dømes er rødvalsleslangen ein art frå Sør-Amerika som liknar på den giftige korallslangen i fargen, noko som gjer at rovdyr i større grad held seg unna. Shamma kjenner seg igjen i mimikry, ho skriver at ho i somme situasjonar kler seg på ein måte som skal sjå meir svensk ut, og i andre meir arabisk.

På ei side i dagboka står kun desse to setningane: «I see manifoldness as a paradox full of contradictions. While children bred over country lines will increase manifoldness, this will, in the long run, result in the opposite».⁸ Dette sitatet fekk meg til å undre. Eg veit ikkje kva konteksten er, så eg kan ikkje sei sikkert kva det betyr. Om eg skal spekulere i kva den siste setninga handler om, kan eg sjå føre meg at det kan handle om globalisering. At folk og kulturar blir meir og meir like på grunn av at det er lettare å komme seg til andre delar av verda. Til dømes sprer skarre-R-en seg og dialektar blir likare på Vestlandet fordi det er lettare å komme seg til andre plassar. Då faren min var liten brukte han tre dagar på å komme seg på hytta, ei strekning ein i dag kan køyre på tre timar med bil. Det er også politisk lagt opp til forflytning gjennom sentralisering, spesialisering og utdanning. Nokon reiser frå byen til bygder for å ha råd til bolig og andre reiser frå bygder til byen for å studere og finne jobb. Samtidig er det vanskeleg for meg å forestille meg at heile verda skal bli heilt lik til tross for dette. Bli grå. Kanskje det går i eit raskare tempo no, men slik eg ser det har dei ulike kulturane i verda alltid påverka kvarandre. Kultur er ikkje statisk, men alltid i endring. Det finst jo mange valørar av grå. Folk liker å vere forskjellige, ha sin eigen spesielle kultur, påstå at deira elggryte er betre enn naboen sin. Folk som elsker fotball slåss med kvarandre, og folk med nesten like religioner velger å vere fiendar. Det finst mange subkulturar i same by, folk har forskjellig klesstil og musikksmak. Samtidig skriver ho jo at ho ser på mangfold som eit paradoks med motstridande eigenskapar. Kanskje fordi ordet mangfold kan tolkast på så mange ulike måtar og dreie seg om ulike samanhengar?

Eit nyleg eksempel er då Avisa Oslo sin debattredaktør, Ahmed Fawad Ashraf, tok eit uhøgtideleg oppgjer med Noreg sin nasjonalrett fårikålen.⁹ Ashraf skriver at han verdsetter norsk matkultur, men at fårikålen trenger ein oppgradering. Gjerne ved å tilsette chili og kvitlauk, kanskje til og med ved bruk av ein tomatbasert saus? Eg lesar det som ei oppmoding om forbetring, og ikkje som ein kritikk av norsk kultur, men innlegget har fått groteske mengder rasistiske kommentarar.¹⁰ Kvifor er er fårikål utan kvitlauk og chili den einaste ekte norske autentiske versjonen? Fårikål som er ein matrett

7 Store norske leksikon, «Mimikry», 2021.

8 Östrand, «On the Origin of Oohaga vicentei x Oophaga pumilio», s. 23, 2010.

9 Ashraf, «Sorry, Norge. Fårikål er en fornærmelse mot norsk mat», 2021.

10 Torberntsson K. & Barazesh S, «Nye landsmenn er pjuuuuk», «kålhue», «ta deg en kebab og hold kjøft», 2021.

inspirert av danske skikkar, først sett i norske kokebøker på slutten av 1800-talet.¹¹ Mange vil ikkje at tradisjonar skal endrast, men slik eg ser det er dei alltid i endring. Nokon meiner at nokon med Ashraf sin bakgrunn har mindre grunnlag for å uttrykke seg om norske tradisjonar, dette er eg ueinig i, ettersom eg ser på alle som bur i Noreg som ein del av norsk kultur.

Eit anna eksempel er SAS-reklamen frå i fjor som hadde utsagnet “What is truly Scandinavian? - Absolutely nothing”.¹² Den handlar om korleis reising har gjort at Skandinavia har fått innflytelsar frå andre delar av verda. At alle tradisjonar vi ser på som skandinaviske eigentleg stammar frå ein anna plass. Denne reklamen gjorde folk så opprørte at SAS måtte fjerne reklamen.¹³ Gjer det at tradisjonane har oppstått i andre land at dei ikkje er like norske lenger? Mindre våre? Sjølv begynte eg nesten å grine av denne reklamen, eg syns den var fantastisk. Den fekk meg til å tenkje at vi har alle delte røtter og at folk og kulturar er i evig bevegelse. At det er den særeigne miksen, remiksen av forskjellige elementar frå heile verda som er kulturen vår. Folk i Noreg har gjennom lang tid kollektivt valgt akkurat vaffel, pølse og rosemaling som vårt.

Amerikansk grønsaksblanding, som perlene på verket mitt *Artifact* er forma til å sjå ut som, er noko eg har fått servert gjennom heile barndomen. Ei fryst blanding som ser ut som ein pose med fargerike, geometriske former. Både i norske og kinesiske rettar. Kjøttkaker i brun saus med poteter og oppkutta gulrøtter, erter og mais. Steikt ris med egg og oppkutta gulrøtter, erter og mais. Eg hata blandinga då eg var lita, men no syns eg det er noko som er utruleg med den. Den kjennest som eit møtepunkt mellom det kinesiske og det norske for meg. Samtidig har denne grønsaksblandinga absolutt ingenting med norsk eller kinesisk kultur å gjere. Den kjem nok frå same tid som TV-dinner var ei greie, ei effektiviseringsreform av amerikansk kjøkken. Det er truleg derfor den heiter amerikansk grønsaksblanding. Ingen av grønsakene kjem opphavleg frå Noreg, Kina eller USA. Mais kjem frå Mexico, gulrøtter og erter kjem frå Middelhavsområdet og Sørvest-Asia. Det eg syns var så fantastisk med denne grønsaksblandinga var at den var eit produkt av handlar og utveksling av kultur gjennom 2000 år og gjort tilgjengeleg i frysediskar i heile verda.

I filmen *I Forgot My Grandparents' Names* følgjer eg og synleggjer kvardagen til mora mi, Lilli Huang, som reinhaldar på Sogn Folkemuseum. Ein ser også samanlikninga mellom foreldra mine sin levande, kontemporære heim og museumshus som er innreidde til å spegle den norske heimen opp gjennom historia, frå middelalderen og fram til i dag. I filmen føregår det to parallelle perspektiv. Det eine er korleis leiinga på eit museum kuraterer kva ein norsk heim er eller korleis norsk historie ser ut. Det andre er kvardagen til mora mi i hennar eigen heim og som reinhaldar på museet. Begge har til

¹¹ Wikipedia, «Fårikål», 2021.

¹² Scandinavian Airlines, «What is truly Scandinavian?», 2020.

¹³ Finsveen, «Sas-reklamen tilbake», 2020.

oppgåve å ta vare på norsk kulturhistorie. Mora mi gjer det med vedlikehald og leiinga gjer det ved å bygge ein kunnskapsbank som dei formidlar til besøkande. Dette arbeidet saman med *Artifact* var avgangsverket mitt på bachelor på den kongelege kunsthøgskulen i Stockholm. Ein måtte gå gjennom perledøra for å sjå filmen. I følgje ein kurator framprovoserte filmen problematiske holdningar hjå tilskodaren. Kanskje det var ubehageleg å sjå ei dame med asiatisk utsjånad reingjere nordisk interiør? Eg tenkjer at det er ei sanning som bør løftast fram at det er mange melaninrike damer som jobbar som reinhaldarar. Eit yrke der ein gjer ein god jobb om ingen legg merke til at ein har vore der.



Eli Mai Huang Nesse, *I Forgot My Grandparents' Names*, 2018.

Grunnen til at eg kalla filmen for *I Forgot My Grandparents' Names* var fordi eg tenkte på kor lett det var å gløyme si eiga historie. Eg klarer ikkje å huske namna til mine kinesiske besteforeldre, noko eg tykkjer er skamfullt. Det er jo noko eg burde kunne huske. Fordi eg har vakse opp i Noreg er eg fysisk langt borte frå landet og kulturelt langt borte frå å vere kinesisk. Eg møtte aldri bestefaren min, og eg møtte berre bestemora mi eit par gangar. I tillegg kan eg som sagt ikkje språket veldig bra, og eg trur alt dette gjer at eg ikkje klarer å huske namna deira. Då eg var lita kalla eg dei for kina-besten og kina-besta. I mitt tilfelle er det veldig tydeleg at ein gløymer si eiga historie, men det er veldig lett å gløyme historia til det landet ein er oppvaksen i også. Noko eg tenkte på då eg jobba som guide på Sogn Folkemuseum. Til og med for eit museum er det umogleg å vise alle aspekt ved norsk kulturhistorie. Noko er dømt til å bli gløymt. Og det er lett å tenkje at sånn som det er no, er sånn som det alltid har vert. Dei fleste bunader vart konstruert for ca. 100 år sidan for å skape nasjonal

identitet.¹⁴ Det er mykje ein trur er erkenorsk, som eigentleg kjem frå ein annan plass. Poteta er frå Amerika og fårikålen er tydelegvis dansk.

På ein måte, med godvilje, kan eg forstå at fårikål med kvitlauk provoserer. Det kjem frå ei frykt for at tradisjonar skal forsvinne. Eg blei sjølv opprørt då posten endra logo i 2008. Søken etter tilhøyrgheit, det å ville kjenne seg som ein del av eit fellesskap og ha ein kollektiv identitet, er kjensler eg forstår godt. Eg har også leita etter folk som er norsk-kinesiske. Kanskje eg har lettare for å akseptere kulturelle påverknadar på grunn av mi eiga bakgrunn? Eg kan jo ikkje gjere noko anna enn å sette pris på det, sidan eg er eit produkt av personar som møtest på tvers av kontinent sjølv.

Det er ikkje nødvendigvis eit mål for meg å provosere. Gjennom å bruke humor og å vise sårbarhet i kunsten, håper eg å gjere det lettare for tilskodaren å ta til seg og tenke over innhaldet. Om eg klarer å få nokon til å få eit nytt perspektiv på ei sak eller til å føle at eit kunstverk er relaterbart, tenkjer eg at eg har lykkast. Eg bruker gjerne materialar som er lette å få tak i og kan brukast av alle, som papp, ståltråd, stearin og ballongar. Ofte er skulpturane eg lagar inspirert av noko ein finn i det daglege livet, som mat, interiør og klede. Slik som *Artifact* er eit perleforheng i form av amerikansk blanding som tilskodaren kan gå gjennom. Sånn sett er min praksis veldig ulik Shamma sin, spesielt når det kjem til *Oophaga vicentii x Oophaga pumilio*. Eit prosjekt som er mykje meir basert på forskning og vitenskap.

Måten *Oophaga vicentii x Oophaga pumilio* er stilt ut på er presis og ryddig. Ho har valgt å stille ut på nettopp naturhistorisk museum, ein plass som nærmast er via til klassifiseringar og inndelingar. Hybriden er som eit stikk til naturvitskapeleg praksis, eit levande bevis på at måten ein klassifiserar artar på ikkje alltid gir mening. Samtidig tykkjer eg det er noko ambivalent med at frosken er stilt ut som eit forskingsobjekt i eit lite glasbur. At den eksisterer for å bli sett på av andre, som i eit freakshow. Om ein ikkje har fått med seg konteksten, kan eg forstå at verket framstår provoserande. For meg var det utruleg viktig å lese dagboka, for å få betre innsikt i prosjektet. Hybriden i seg sjølv er blikkfanget, den delen av prosjektet som fangar oppmerksomhet og drar folk inn. Den er litt som ein heispitch. Medan refleksjonane, det avanserte og meir nyanserte kjem fram i dagboka. Der får ein lese om spørsmål ho stiller seg sjølv og andre, om hennar tvil og nysgjerrigheit. Ein får både høyre hennar personlege tankar og kjensler og faktabasertinformasjon knytta til hybridar i biologi.

Prosjektet *Oophaga vicentii x Oophaga pumilio* er ein hybrid mellom eit forskningsprosjekt og eit kunstprosjekt. Å skape *Oophaga vicentii x Oophaga pumilio* utfordrar korleis naturvitskap er utforma. Ein vanleg måte å definere ein art på, er at det er ein type dyr med like visuelle trekk som

¹⁴ Wikipedia, «Bunad», 2021.

kan få avkom saman. Mange hybridar er ikkje fertile, men det gjeld ikkje alle. Den fertile *Oophaga vicentei* x *Oophaga pumilio* viser at vi i somme tilfelle kategoriserer basert på holdningar. Korleis vi tenker at det skal og burde vere. Naturvitskap som grein er også alltid er i endring, ettersom teoriar blir motbevist og endra på. Den kunstneriske og allegoriske delen av prosjektet er at ho skaper *Oophaga vicentei* x *Oophaga pumilio* som ein metafor på seg sjølv. Ein person med multikulturell bakgrunn. Noko som gjer at regelen om at ein ikkje skal lage hybridar, ”fordi ein skal holde artane og deira fargevariantar reine”, får ein anna undertone. Dermed vil ein som uttrykker at hybrider ikkje burde skapast, indirekte og kanskje litt ufrivillig seie at Linda Shamma Östrand ikkje burde eksistere. Noko som tvingar folk til å konfrontere holdningar om korleis ein definerer artar i biologi. Shamma og *Oophaga vicentei* x *Oophaga pumilio* er kroppar som utfordrar normar, og hennar arbeid får ein til å bli i tvil om korleis ein kategoriserer og betraktar verda både biologisk og kulturelt.

Kjelder

- 1 Östrand, L.S. (2013, 11. juni). Notions of a hybrid. *Linköping University Electronic Press*, henta frå

- <https://ep.liu.se/ecp/095/016/ecp13095016.pdf>.
Sist lasta ned: 24.11.2021.
- 2 ————— (2010). Konstfack Degree Exhibition 2010. henta frå
<https://www.konstfack2010.se/master/maapr/linda-shamma-ostrand/>.
Sist lasta ned: 24.11.2021.
- 3 Svenska Dendrobatidsällskapet (2010, juni). Hybrider – konst? Henta frå
<https://pilgift.se/viewtopic.php?f=3&t=1401&hilit=hybrider+konst>.
sist lasta ned: 24.11.2021.
- 4 Hybrid (2021, 4. mars). I *Store norske leksikon*. Henta frå
<https://snl.no/hybrid>.
sist lasta ned: 22.11.2021.
- 6 Thonhaugen, M. (2016, 19. august). Noen hunderaser burde man la dø ut. *Nrk.no*,
henta frå
https://www.nrk.no/nordland/xl/professor_-noen-hunderaser-burde-man-la-do-ut-1.13089468.
Sist lasta ned: 24.11.2021.
- 8 Östrand, L.S. (2010). *On the Origin of Oophaga vicentei x Oophaga pumilio* (1. Utg.).
Stockholm: Publit Sweden AB.
- 7 Mimikry (2021, 7. november). I *Store norske leksikon*. Henta frå
<https://snl.no/mimikry>.
Sist lasta ned 24.11.2021.
- 9 Ashraf, A.F (2021, 14. oktober). Sorry, Norge. Fårikål er en fornærmelse mot norsk
mat. *Nettavisen.no*. Henta frå
<https://www.nettavisen.no/norsk-debatt/sorry-norge-farikal-er-en-fornarmelse-mot-norsk-mat/o/5-95-318394>.
Sist lasta ned 24.11.2021.
- 10 Torberntsson K. & Barazesh S. (2021, 15. oktober). «Nye landsmenn er pjuuuuk»,
«kålhue», «ta deg en kebab og hold kjeft». *Nettavisen.no*. Henta frå
<https://www.nettavisen.no/nyheter/nye-landsmenn-er-pjuuuuk-kalhue-ta-deg-en-kebab-og-hold-kjeft/s/12-95-3424191320>.
Sist lasta ned 24.11.2021.
- 11 Fårikål (2021, 9. mars). I *Wikipedia*. Henta frå
<https://no.wikipedia.org/wiki/Fårikål>.
Sist lasta ned 24.11.2021.
- 12 Scandinavian Airlines (2020, 11. februar). *What is truly Scandinavian?* [Videoklipp].
Henta frå
<https://www.youtube.com/watch?v=ShfsBPrNcTI>.
Sist lasta ned 24.11.2021.

- 13 Finsveen J.N. (2020, 12. februar). Sas-reklamen tilbake. *Dagbladet.no*. Henta frå <https://www.dagbladet.no/kultur/sas-reklamen-tilbake/72133936>.
Sist lasta ned 24.11.2021.
- 14 Bunad (2021, 21. oktober). I *Wikipedia*. Henta frå <https://no.wikipedia.org/wiki/Bunad>.
Sist lasta ned 24.11.2021.

Bilete (kreditering i den rekkefølga bileta finst i teksten)

- 1 J. Paul Getty Museum. (1270) *A Siren and a Centaur*. Henta frå <https://www.getty.edu/art/collection/objects/4802/unknown-maker-a-siren-and-a-centaur-franco-flemish-about-1270/>.
Sist lasta ned 24.11.2021.
- 2 Östrand, L.S. (2009) *Älg i postformulerat tillstånd*. Henta frå <https://new.shamma.se>.
Sist lasta ned 24.11.2021.
- 3 Nesse, E.M. (2018) *Artifact*.
- 4 Östrand, L.S. (2010) *Oophaga vicentei x Oophaga pumilio* Henta frå <https://new.shamma.se>.
Sist lasta ned 24.11.2021.
- 5 ——— *Oophaga vicentei x Oophaga pumilio* Henta frå <https://new.shamma.se>.
Sist lasta ned 24.11.2021.
- 6 Nesse, E.M. (2017) *Four Seasons*.
- 7 Nesse, E.M. (2018) *I Forgot My Grandparents' Names*.